

Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

2022

Oslo, 17.03.2023

Innhald

INNLEIING	3
POLITISKE RAMMER FOR MIDLAR TIL INVESTERING OG BEDRIFTSUTVIKLING I LANDBRUKET (IBU-MIDLANE)	3
REGIONALE FØRINGAR	3
FORMÅLET MED IBU-MIDLANE	3
RAPPORTERINGSOPPLEGG	3
IBU-MIDLAR	3
RAMMER OG LØYVINGAR	3
TALL SØKNADER, INNVILGA OG AVSLAG	4
RESULTATMÅL	5
RESULTATMÅL 1 – SIKRE/AUKE SYSSELSETTINGA, SÆRLEG FOR KVINNER	5
RESULTATMÅL 2 – BIDRA TIL NYSKAPING, MARKNADSORIENTERING OG SYNERGIAR	8
RESULTATMÅL 3 – BIDRA TIL EFFEKTIVISERING AV DET TRADISJONELLE LANDBRUKET	10
RESULTATMÅL 4 – BIDRA TIL SYSSELSETTING I NÆRINGSSVAKE OMRÅDE	14
TILTAKSGRUPPER	15
TILTAKSGRUPPER I STATISTIKKSYSTEMET TIL INNOVASJON NOREG	15
RAPPORTERING AV UT BETALING OG ANSVAR	16

Innleiing

Politiske rammer for Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket (IBU-midlane)

Landbruks- og matdepartementet la i desember 2016 fram Stortingsmelding nr. 11 (2016 – 2017) «*Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*». Meldinga trekkjer opp ambisjonane til regjeringa for utviklinga av landbruks- og matpolitikken. Vidare la Landbruks- og matdepartementet i juni 2015 fram Stortingsmelding nr. 31 (2014-2015) «*Garden som ressurs – marknaden som mål. Vekst og gründerskap innan landbruksbaserte næringar*».

IBU-midlane er det viktigaste økonomiske verkemiddelet til Landbruks- og matdepartementet for å nå målet om næringsutvikling i - og i tilknytning til landbruket.

Regionale føringar

Partnerskapen i fylka, som er sett saman av fylkeskommunen (leiar frå 2020), næringsorganisasjonane i landbruket, statsforvaltaren, Innovasjon Noreg mfl., fastset regionale føringar for IBU-midlane innan ramma av nasjonale føringar fastsett i jordbruksavtalen.

Formålet med IBU-midlane

«*Formålet med midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket er å legge til rette for langsiktig og lønnsom verdiskaping, samt bidra til sysselsetting, bosetting og et variert landbruk i alle deler av landet med utgangspunkt i landbrukets ressurser generelt og landbrukseiendommen spesielt.*»

IBU-midlane er landsdekkjande og inkluderer tilskott til etablering av ny verksemd (etablerartilskott), tilskott til bedriftsutvikling, tilskott til investeringar i produksjonsanlegg, tilskott til gjødsellager, tilskott til investeringar i frukt- og bær dyrking og tilskott til mindre investeringar i samband med generasjonsskifte.

Rapporteringsopplegg

Denne årsrapporten tek for seg bruken av IBU-midlane i 2022 hos regionkontora til Innovasjon Noreg. For meir informasjon om bruken av IBU-midlane i 2022 forhold til strategiane i det enkelte fylket for landbruksbasert næringsutvikling, viser ein til årsrapporten for 2022 frå fylkeskommunane til Landbruks- og matdepartementet.

IBU-midlar

Rammer og løyvingar

2022 vart meir som eit normalår å rekne etter at både 2021 og 2020 blei spesielle også for landbruket på grunn av koronasituasjonen. Særleg grønt produsentar og lokalmatprodusentar med HoReCa som viktigaste marknad har hatt utfordringar.

Øyremerking av IBU-midlar til prosjekt og investeringar innan frukt og grønt som nasjonal ramme vart oppheva frå 2022. Alle midlane vart derfor fordelt pr. fylke etter fordelingsnøkkel fastsett av Landbruks- og matdepartementet. Ramma for IBU-tilskotta i Oppdragsbrev 2022 var på 834,8 mill. kroner. At det har samla løyvinga på knapt 710 mill. kroner skuldast overførte midlar og tilbakeføring av midlar frå prosjekt som ikkje vert gjennomført.

Innovasjon Noreg har for å kunne samanlikne verkemiddelbruken over tid valt å halde på fordelinga av midlane på verkemiddelgruppene tradisjonelt jord- og hagebruk og andre landbruksbaserte næringar, sjølv om det ikkje lenger vert tildelt øyremerka rammer til desse gruppene. Den fylkesvise fordelinga av løyvinga ekskl. tapsavsetjing til risikolån er vist i tabell 1.

Tabell 1: Fylkesdelt oversikt over løyvingar 2022

Fylke	Tradisjonelt jord- og hagebruk	Øymerka frukt og grønt 1)	Andre landbruksbaserte næringer	Sum
Viken og Oslo	77 071 000		12 217 000	89 288 000
Innlandet	108 989 400	300 000	17 398 900	126 688 300
Vestfold og Telemark	48 974 500	2 000 000	9 500 000	60 474 500
Agder	33 037 000		10 832 292	43 875 292
Rogaland	69 897 000	430 000	5 166 208	75 493 208
Vestland	108 096 500		13 968 000	122 064 500
Møre og Romsdal	56 440 500		6 783 000	63 223 500
Trøndelag	115 564 250		14 736 700	130 300 950
Nordland	49 093 000		9 918 400	59 011 400
Troms og Finnmark	39 805 621		7 218 600	47 024 221
Sum	706 968 771	2 730 000	107 745 100	817 443 871

1) Gjeld løyving på nytt av annullerte løyvingar frå tidlegare år.

Tapsavsetjing til risikolån utgjer 2,7 mill. kroner og kjem i tillegg.

Andre landbruksbaserte næringer utgjer omlag 13 prosent av løyvingane. Dette er det same som i 2021. Det er betydeleg variasjon mellom fylka, dette er meir eit resultat av pågang av søknader enn manglande prioritering.

Tall søknader, innvilga og avslag

Det totale talet søknader i 2022 var på 1375.

Tabell 2: Tal innvilga og avslåtte søknader siste 10 år.

År	Totalt tal søknader	Innvilga søknader, tal	Avslag tal	Avslag prosent	Tal klagesaker	Tal klagesaker medhald
2013	1 503	1 414	89	6	17	1
2014	1 403	1 308	95	7	21	0
2015	1 248	1 127	121	10	28	2
2016	1 242	1 060	182	15	28	0
2017	1 430	1 212	218	15	22	0
2018	1 205	1 091	114	9	25	1
2019	1 084	1 012	73	7	17	1
2020	1 147	1 052	95	8	13	2
2021	1 279	1 156	123	10	18	0
2022	1 375	1 287	88	6	18	0

Talet på innvilga søknader reflekterer disponibel ramme. På grunn av disponerte rammer var det i fleire fylke i praksis søknadstopp frå våren/sommaren 2022.

Det er klagerett på søknader om Midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Klagar vert først handsama av det kontoret som fatta vedtak. Dersom kontoret fastheld vedtaket, går klagen vidare til klagenemnda. Klagenemnda er samansett av 3 medlemmer frå styret i Innovasjon Noreg (derav leiar) og 1 medlem oppnemnt av kvar av organisasjonane Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Tala i kolonnane til høgre viser kor mange saker som vart handsama i klagenemnda og kor mange som fekk medhald.

6 prosent av søknadane vart avslått i 2022. I 2022 handsama klagenemnda 18 klager. Av desse var 13 innan tradisjonelt jord- og hagebruk og 5 innan andre landbruksbaserte næringar. Ingen av klagesakene fekk medhald i 2022.

At det berre er gjeve medhald i 7 av 207 klager siste 10 år, viser at dei aller fleste vedtaka det er klaga over etter vurderinga til klagenemnda er fatta i samsvar med gjeldande styringsdokument og med rimeleg utøving av skjønn.

Sjølv om talet på klagesaker framleis er på eit lågt nivå, synest likevel klagenemnda fleire av sakene har vore vanskeleg med ei prioritering som er strengare enn klagenemnda i utgangspunktet hadde sett ynskjeleg. Dette medfører at gode prosjekt i fylke med høgast etterspurnad ikkje får finansiering.

RESULTATMÅL

Landbruks- og matdepartementet utarbeida for fleire år sidan resultatmål og -indikatorar som skulle belyse kor vidt ein oppnår målsettingane med BU-midlane.

Desse er vidareført for IBU-midlane

Resultatmål 1 – Sikre/auke sysselsettinga, særleg for kvinner

Bidra til å sikre/auke sysselsettinga i bygdene, særleg for kvinner

Resultatindikatorar:

- Forventa auka sysselsetting etter investeringstiltak utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk. Oppgitt i tal årsverk og spesifisert i tal årsverk for kvinner
- Totalt tal tiltak og støttebeløp pr. tiltak, spesifisert med omsyn til kjønn
- Totalt tal etablerartilskott og her av tal etablerartilskott for kvinner og ungdom

Forventa auka sysselsetting

Det er eit sentralt mål at IBU-midlane skal føre til fleire lønnsame arbeidsplassar innan og i tilknytning til landbruket. Auken i sysselsetjinga er målt ut frå forventa auke i tal årsverk frå *søkjaren*

Den vert berre rekna forventa vekst i sysselsetting for ordningane *etablerartilskott, bedriftsutvikling og investering i* andre landbruksbaserte næringar sidan det er ei målsetting å auke sysselsettinga for andre landbruksbaserte næringar. Ein stor del av IBU-midlane som vert brukt på investeringar innan tradisjonelt landbruk bidreg i tillegg til å auke matproduksjonen også til å effektivisere den tradisjonelle landbruksdrifta.

Tabell 3: Forventa auka sysselsetting innan andre landbruksbaserte næringar og støttebeløp pr. årsverk i 2022. Tilskott til andre landbruksbaserte næringar eks. etablerartilskott fase 1. Beløp i mill. kroner.

År	Sysselsettings- effekt, årsverk	Her av kvinner, Årsverk	Innvilga tilskott	Tilskott pr. årsverk	Innvilga tilskott, kvinner	Tilskott pr. årsverk, kvinner
2022	309	181	100,9	0,327	76,4	0,423
2021	321	180	87,6	0,273	68,6	0,381

Til saman forventar *søklarane* ein vekst i sysselsettinga på 309 årsverk, dette noko mindre enn i 2021 men samstundes også noko meir enn i 2020.

Hovudgrunnen til reduksjonen synest vera at vurderingane er meir nøkterne med omsyn til å skape auka sysselsetting, og i større grad er innretta mot å vidareutvikle og sikre eksisterande sysselsetting enn å skape ny sysselsetting enn tidlegare.

I tillegg til den direkte sysselsettingseffekten, vil desse tiltaka saman med andre IBU-tiltak ha ein indirekte sysselsettingseffekt. Ringverknader som auka aktivitet lokalt er også av betydning og har direkte innverknad på den distriktpolitiske målsettinga om å oppretthalde busetjing i distrikta.

Gjennomsnittleg støtte pr. nytt årsverk har gått opp frå 2021. Dette skuldast at i 2022 gjekk ein større del av midlane til å sikre eksisterande sysselsetting enn skape nye årsverk.

Tal løyvingar og støttenivå pr. løyving

Det vart i 2022 løyvd knapt 108 mill. kroner i tilskott til andre landbruksbaserte næringar. Dette er ein auke på vel 15 mill. kroner frå 2021, og løyvingane utgjer som i 2021 om lag 13 prosent av dei samla løyvingane.

Løyving til andre landbruksbaserte næringar

Tabell 4: Løyvingar til andre landbruksbaserte næringar i 2022. Løyvingar i mill. kroner

År	Tal løyvingar	Sum løyving	Tal løyvingar kvinner	Sum løyving kvinner
2022	313	107,7	240	81,4
2021	280	92,0	225	72,6

Kvinnerretta tiltak er definert som tiltak som primært har kvinner som målgruppe, gir sysselsetting hovudsakeleg for kvinner eller har kvinnelege *søklarar*.

Både delen av talet på løyvingar og delen av tilsagna til kvinner er redusert frå 80 prosent i 2021 til om lag 75 prosent i 2022, og er no tilbake på same nivå som i 2020. Det er vanskeleg å forklare endringane med anna enn tilfeldige svingingar.

Etablerartilskott

Tabell 5: Løyvingar til etablerartilskott i 2022. Løyvingar i mill. kroner

År	Tal løyvingar	Sum løyving	Tal løyvingar kvinner	Sum løyving kvinner
2022	98	15,7	82	13,3
2021	70	9,8	62	8,7

Det kan gjevast etablerartilskott i 2 fasar; idèavklaring/marknadsavklaring og etablering/kommersialisering.

Det vart i 2022 innvilga 98 etablerartilskott der 82 tilskott (84 prosent) gjekk til kvinner. Den totale løyvinga utgjorde 15,7 mill. kroner der 13,3 mill. kroner (85 prosent) gjekk til kvinnelege etablerarar. Tilsvarande tal for 2021 var 89 prosent for tal tiltak og 88 prosent for sum løyving, dvs. ein noko mindre del både av tal tiltak og kroner har i 2022 gått til kvinner. Dette må sjåast i samanheng med at det er forholdsvis små beløp, og at kvinnedelen for desse tilsagna har vore mellom dei aller høgaste av tenestene i Innovasjon Noreg.

Talet på etablerartilskott har auka med 28 frå 2021. Tilsvarande er tilsagna auka med knapt 6 mill. kroner totalt og kvinneretta tilskott med 5 mill. kroner. Ei forklaring på dette kan vera at det var betydeleg auke i rammene i 2022, men og ei normalisering etter «koronaperioden» då det var redusert omfang av mobiliserande og tilretteleggjande prosjekt.

65 av tilsagna og 6,9 mill. kroner gjeld idèavklaring/marknadsavklaring, medan 33 tilsegn og 8,8 mill. kroner gjeld etablering/kommersialisering. Fordelinga er om lag uendra frå 2021.

Generelt om kvinnetiltak

Kvinnedelen for IBU-midlane er generelt høg, særleg for andre landbruksbaserte næringar, forklaringar på det kan vere:

- Medviten satsing på kvinnetiltak.
- Prioritering av kvinner som målgruppe.

Løyving til tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk

Tabell 6: Løyvingar til tradisjonelt landbruk i 2022. Løyvingar i mill. kroner

År	Tal løyvingar	Sum løyving	Tal løyvingar kvinner	Sum løyving kvinner
2022	940	707,0	362	298,0
2021	780	589,8	290	226,0

Det blei i 2022 innvilga 707 mill. kroner i tilskott til investeringar innan tradisjonelt landbruk, ein auke på knapt 120 mill. kroner frå 2021. Tilskott til tradisjonelt jord- og hagebruk utgjorde knapt 87 prosent av totalt innvilga IBU-tilskott, det er det same som for 2021.

Delen av talet på løyvingar til kvinneretta tiltak innan tradisjonelt jord- og hagebruk var i 2022 på knapt 39 prosent mot 37 prosent i 2021. Delen av løyvd tilskott til kvinner var 42 prosent, opp frå 38 prosent i 2021.

Gjennomsnittleg tilskott pr. løyving i 2022 var knapt 755 000 kroner, det er det om lag det same som i 2021.

Støtte til ulike aldersgrupper

I tabellen nedanfor er personar som har mottatt IBU-midlar frå Innovasjon Noreg i 2021 gruppert i ulike aldersgrupper basert på fødselsnummer:

Tabell 7: Løyvingar til ulike aldersgrupper i 2022. Løyvingar i mill. kroner

År	Tilskott. Sum i mill. kr			
	Løyving totalt	Aldersgruppe < 35 år	Del < 35 år	Del 35 - 50 år
2022	670,4	203,9	30 %	47 %
2021	555,3	167,7	30 %	46 %

Løyvd tilskott til kundar med personnummer står for 670,4 mill. kroner av den totale løyvinga på 817,4 mill. kroner.

Delen av løyvinga til aldersgruppa inntil 35 år er den same om for 2021 og om lag det same som gjennomsnittet dei siste åra.

Aldersgruppa 35-50 år er framleis dominerande med 47 prosent, opp frå 46 prosent i 2021 og det også omlag som gjennomsnittet for dei siste åra. Ei viktig forklaring er at ein stor del av midlane går til investeringar innan tradisjonelt jord- og hagebruk der søkjar ofte er eldre enn 35 år. Delen av IBU-midlar til investeringar i tradisjonelt landbruk er omlag 87 prosent.

[Aldersgrupperinga](#) til Statistisk Sentralbyrå viser at 18 prosent av bøndene er under 40 år og 22 prosent er mellom 40 og 49 år. Gjennomsnittsalderen for bøndene var i 2021 på 52 år.

Når 30 prosent av tilskottet går til aldersgruppa under 35 år viser det at denne aldersgruppa får ein relativt større del av midlane frå Innovasjon Noreg. 77 prosent av tilskotta har gått til personar <50 år, denne aldersgruppa utgjør 40 prosent av bøndene.

Resultatmål 2 – Bidra til nyskaping, marknadsorientering og synergjar

Bidra til nyskaping, marknadsorientering og utnytting av synergjar i verdikjedene

Resultatindikator:

- Investeringstiltak utanom tradisjonelt jord-, hage- og skogbruk fordelt på næring

Næringsfordeling av andre landbruksbaserte næringer

Det er i 2022 løyvd 107,7 mill. kroner i IBU-tilskott til andre landbruksbaserte næringer, dette er ein auke på vel 15 mill. kroner i høve til året før. Tabellen nedanfor viser nokre av næringsgruppene som har mottatt mest støtte i 2021.

Tabell 8: Løyvingar til andre landbruksbaserte næringar i 2022. Løyvingar i mill. kroner

Bransje	2022		2021	
	Løyving	Del av total løyving til andre landbruksbaserte næringar	Løyving	Del av total løyving til andre landbruksbaserte næringar
Jordbruk og tilknytte tenester	35,5	33 %	26,4	28,7 %
Skogbruk, utmark, innlandsfisk og tilknytte tenester	1,4	1 %	0,7	0,7 %
Produksjon av næringsmidlar og drikkevarer	29,6	28 %	31,1	33,8 %
Handel med næringsmidlar og drikkevarer	2,6	2 %	1,5	1,6 %
Produksjon av tekstilar, trelast og andre varer	5,2	5 %	6,1	6,7 %
Hotell og restaurantverksemd	9,0	8 %	8,2	9,0 %
Undervisning, helse og sosialtenester	13,0	12 %	9,4	10,2 %
Aktivitets- og opplevingstilbod	5,2	5 %	8,6	9,3 %
Andre	6,2	6 %		
Sum	107,7	100 %	92,0	100 %

Næringsgrupperinga gjeld *prosjektet* og ikkje nødvendigvis den næringskoden som føretaket er registrert med. Næringskoden for prosjektet vert derfor fastsett i kvart enkelt tilfelle. Det kan vera vanskeleg å definere om t.d. ein ny biologisk produksjon er «tradisjonelt landbruk» eller «andre landbruksbaserte». Det same gjeld om eit tiltak på ein gard som driv med t.d. sau og Inn på tunet er tradisjonelt landbruk eller t.d. helse- og sosialtenester der investeringa gjeld både primærproduksjon og Inn på tunet.

Marknadshagar og vert definert som andre landbruksbaserte næringar og inngår i «Jordbruk og tilknytte tenester». Prosjekt med næringskodar knytt til planteproduksjon (ekskl. korndyrking), frukt og bær utgjør 14. mill. kroner av dei 35,5 mill. kronene til Jordbruk og tilknytte tenester.

Jordbruk og tilknytte tenester har auka mest i forhold til 2021, og er no den største gruppa føre produksjon av næringsmidlar og drikkevarer. Endringa skuldast i stor grad at prosjekt som gjeld marknadshagar/småskala grønt vert registrert som «andre landbruksbaserte næringar» etter at det vart slutt med øyremerka grøntmidlar, samt at prosjekt som gjeld både primærproduksjon og foredling er registrert som primærproduksjon.

Hotell- og restaurantverksemd og aktivitetstilbod har noko tilbakegang, det kan skuldast både tilfeldige svingingar og at bransjen har vore særleg råka av koronarestriksjonar. For Inn på tunet (undervisning, helse og sosialtenester) og er det litt auke.

Resultatmål 3 – Bidra til effektivisering av det tradisjonelle landbruket

Bidra til effektivisering i tradisjonelt landbruk og resultatforbetring i primærleddet

Resultatindikatorar:

- Tal løyvingar som bidreg til effektivisering og resultatforbetring i primærleddet, her under tal prosjekt til investeringar i tradisjonelt husdyrhold med auka produksjon av totaltalet på slike prosjekt.

Løyvingar til tradisjonelle landbruksproduksjonar

Husdyrproduksjon

Tabellen nedanfor viser løyvingane av IBU-tilskott i 2021 til ulike husdyrproduksjonar, del av innvilga søknader med produksjonsauke og samla produksjonsauke.

Tabell 9 . Tal prosjekt og innvilga investeringstilskott til husdyrproduksjonar, samt endring i produksjonen.

Hovudproduksjon	2022		Endring produksjon
	Tal prosjekt	Løyving Mill kr.	
Mjølkeproduksjon (ku)	260	333,9	1 014
Mjølkeproduksjon (geit)	10	10,5	393
Storfekjøtt (slakt pr. år)	97	83,4	1 365
Sauehald	51	39,3	2 507
Smågrisproduksjon	1	1,5	24
Slaktegris	1	2,0	-
Kombinert svinehald	11	8,6	823
Eggproduksjon	5	2,4	-
Slaktekylling	7	6,7	444 000
Andre husdyr	-	-	-
Totalt	443	488,3	

Tala for husdyrproduksjon er ikkje heilt samanliknbare med tala i årsrapporten for 2020 og tidlegare sidan det då også inngjekk tilskott til gjødsellager. Sidan tilskott til gjødsellager er eit verkemiddel som berre gjeld miljøtiltak og ikkje produksjon, er tilskott til gjødsellager utelate for rapporteringa frå 2021.

I 2022 er det gjeve investeringsstøtte til 443 investeringar med til saman i underkant av 490 mill. kroner innan tradisjonelt husdyrhold, ein auke på knapt 90 prosjekt og vel 90 mill. kroner frå 2021. Auken skuldast auke i ramma, og truleg også at det i 2022 ikkje var øyremerking av midlar til frukt og grønt.

I forhold til 2021 er det for mjølkeproduksjon ein auke i talet på prosjekt på 37 og løyving på knapt 34 mill. kroner. Vidare er det ein auke for storfekjøtt og sauehald på ca. 20 prosjekt og 26 mill. kroner for storfe og 19 mill. kroner for sauehald. Kylling har auka med 6 prosjekt og 5,7 mill. kroner og gjenspeglar at det er ein marknad i vekst og rom for kapasitetsutviding. Talet på prosjekt innan svinehald og eggproduksjon er forholdsvis stabilt med høvesvis 16 og 3 prosjekt og 11 og i underkant av 2 mill. kroner.

Endringane speglar dei regionale prioriteringane med omsyn til lausdriftskravet innan mjølkeproduksjon, auka fokus på trong for fornying og dyrevelferd. Det er også rimeleg å rekne med at opphevinga av øyremerking av midlar til frukt og grønt har medført fleire prosjekt innan storfe og sauehald.

Flest storfekjøttprosjekt er det i Innlandet med 23 prosjekt, medan det berre er Trøndelag og Vestland med 14 prosjekt kvar og Agder med 12 prosjekt som har meir enn 10 prosjekt.

Innan sauehald har det etter 2020 då investeringsstoppen vart oppheva vore ein auke både i 2021 og 2022, for 2022 er det auken på 20 prosjekt og 700 vinterfôra sauer frå 2021. Berre Vestland med 18 prosjekt har meir enn 10 prosjekt.


Mjølkeproduksjon er den viktigaste husdyrproduksjonen i distrikta, og for å oppfylle lausdrift kravet er det i følgje NIBIO-rapporten [Investeringsbehov innen melkeproduksjon](#) frå 2021 rundt 4 500 bruk som må leggje om til lausdrift innan 2034. I ei [undersøking](#) frå Tine hausten 2022 reknar 1/3 av produsentane med bås fjøs det som ganske eller heilt usannsynleg at dei vil vera mjølkeprodusentar etter 2034, medan knapt 40 prosent reknar det som sannsynleg at dei vil halde fram etter 2034.

Oversikten nedanfor viser korleis investeringsprosjekta innan mjølkeproduksjon fordeler seg pr fylke.

Tabell 10. Fylkesdelt tal prosjekt og innvilga investeringstilskott til mjølkeproduksjon 2021, samt endring i produksjonen.

Mjølkeproduksjon pr fylke	Innvilga 2022		Endring produksjon
	Tal prosjekt	Løyving Mill kr.	
Viken	19	21,0	73
Innlandet	52	62,1	110
Vestfold og Telemark	10	11,0	10
Agder	15	12,1	2
Rogaland	36	47,3	176
Vestland	31	42,7	137
Møre og Romsdal	22	32,8	177
Trøndelag	39	60,2	242
Nordland	18	21,5	67
Troms og Finnmark	18	23,0	20
Totalt	260	333,9	1 014

Figur 1. Gjennomsnittleg tal årskyr før og etter investering i mjølkeproduksjon




For 2022 er gjennomsnittleg buskap før utbygging 30 kyr og etter utbygging 35 kyr. Gjennomsnittleg planlagt buskap er noko mindre enn i 2021, dvs. ein når den prioriterte målgruppa under 30 kyr noko betre.


Auke i buskap gjev betre grunnlag for å ta i bruk ny og effektiv teknologi som bl.a. automatiserte mjølkingsanlegg, som ein veit frå tidlegare undersøkingar vert sett på som viktig med omsyn til fleksibilitet og arbeidstid.

Figur 2: Gjennomsnittleg tal storfeslakt og vinterfôra sauer før og etter investering

Storfekjøtt



Sauehald



For storfekjøttproduksjon held reduksjonen i storleiken på buskapane både før og etter utbygging fram i 2022. For sauehald er aukar buskapane, men auken er mindre frå 2021 til 2022 enn året før.

For storfekjøttproduksjon held reduksjonen i storleiken på buskapane både før og etter utbygging fram i 2022. For sauehald er aukar buskapane, men auken er mindre frå 2021 til 2022 enn året før.

Planteproduksjon

Tabellen nedanfor viser løyvingane av IBU-tilskott i 2022 til ulike planteproduksjonar.

Tabell 11: Tal prosjekt og innvilga støtte til planteproduksjon. Tilskott i mill. kroner.

Hovudproduksjon	2022		2021	
	Tal	Tilskott	Tal	Tilskott
Korn	58	26,4	79	36,3
Grønsaker, rot- og knollvekstar	44	33,7	120	83,0
Kjernefrukt og steinfrukt	116	32,9	106	26,1
Anna frukt/bær	11	5,4	7	1,7
Andre	13	9,6	28	7,6
Totalt	242	108,0	340	154,7

Både talet på prosjekt og løyvingar av IBU-midlar til planteproduksjon er vesentleg lågare i 2022 enn i 2021. Dette skuldast opphevinga av øyremerking av midlar til frukt- og grøntnæringa.

Flest korntørker er det i Viken med 19 og Vestfold og Telemark med 13.

Av prosjekta med næringskode grønnsaker, rot- og knollvekstar er 39 lager, her av 33 potetlager. Berre Viken med 14 lager har meir enn 10 lager.

Vestland dominerer framleis plantasjar til frukt og bær med 71 av totalt 106 prosjekt, og med 16,7 mill. kroner av den samla løyvinga på 32,5 mill. kroner. Elles er det berre Vestfold og Telemark med 18 og Viken med 12 har eit tosifra tal prosjekt.


Ekstra tilskott for bygg i tre

I 2022 vart innvilga ekstra tilskott til 195 prosjekt med til saman 44,7 mill. kroner, dette er ein auke på knapt 20 prosjekt og 1 mill. kroner. At talet på prosjekt aukar forholdsvis mykje meir enn løyvinga skuldast at det er fleire saker med kombinasjon tre og andre materialar.

Naturleg nok er bruken av ordninga størst i fylka med dei største rammene, det vil seie Innlandet, Trøndelag og Vestland. Flest prosjekt er det innan mjølkeproduksjon med 97, deretter 40 prosjekt for storfekjøttproduksjon, 23 prosjekt innan sauehald, 23 korntørker og 6 lager for potet og rotvekstar.

Fylkesvis fordeling av investeringsprosjekt tradisjonelt landbruk

Figur 3. Fylkesdelt oversikt investeringar tradisjonelt landbruk fordelt på produksjon .



Mjølkeproduksjon utgjør framleis den klart største gruppa i dei fleste fylka. Tilskott til investeringar innan frukt og grønt er redusert frå 2021 sidan øyremerkinga som i 2021 på 120 mill. kroner er avvikla.

Prosjekt med miljøeffekt og prosjekt innan økologisk landbruk

Knapt 390 mill. kroner av tilsagna til tradisjonelt landbruk har miljøeffekt. Det er ein auke på nesten 90 mill. kroner frå 2021, og også ein auke i den relative delen på 6 %. Med miljøeffekt meiner ein t.d. at prosjektet fører til mindre utslepp av klimagassar, reduserte utslepp til vatn, energieffektivisering og betre utnytting av avfall, restråstoff og biologiske ressursar. Ei medverkande årsak til auken er at tilskott til investeringar i driftsbygningar til husdyr har auka både nominelt og relativt i 2022.

Tilskott til økologisk landbruk er nesten halvert frå 2021 til 2022. Løyvingane speglar den faktiske interessa for investeringar innan økologisk landbruk sidan fylkesstrategiar gjennomgåande gjev prioritet til prosjekt innan økologisk landbruk. Også økologisk produksjon har opplevd nedgang dei siste åra.

Tabell 12: Løyvingar til prosjekt med kjenneteikn miljø og økologisk landbruk i 2022.

Løyving/ Kjenneteikn/år	Totalt	Miljø	% miljø	Økologisk	% økologisk
2022	707,0	386,9	55 %	6,4	1 %
2021	615,4	299,6	49 %	11,1	2 %

Resultatmål 4 – Bidra til sysselsetting i næringsvake område

Bidra til sysselsetting i distrikt med særlege sysselsettingsvanskar eller svakt utbygd næringsgrunnlag
--

Resultatindikatorar:

- Del støtte til kommunar som fell innanfor det distriktpolitiske verkeområdet av løyvingar totalt.
- Del støtte til andre landbruksbaserte næringer og tradisjonelt jord- og hagebruk i kommunar som fell innanfor det distriktpolitiske verkeområdet samanlikna med støtte totalt.

Den distriktpolitiske vinklinga er målt ved å registrere kor stor del av innvilga beløp som er lokalisert innanfor det distriktpolitiske verkeområdet (DPV).

Tabell 13: Løyvingar til kommunar innan det distriktpolitiske verkeområdet 2022. Beløp i mill. kroner

	2022			2021		
	Totalt	DPV kommunar	% DPV kommunar	Totalt	DPV kommunar	% DPV kommunar
Tradisjonelt jord- og hagebruk, inkl. øymerka midlar frukt og grønt	709,7	477,6	67 %	615,5	375,1	61 %
Andre landbruksbaserte næringer	107,7	67,7	63 %	92,0	56,9	62 %
Totalt	817,4	545,3	67 %	707,5	432,0	61 %

Av den totale løyvinga på kr 817,4 mill. kroner har 545 mill. kroner (67 prosent) gått til kommunar innan DPV-området. Det er ein auke frå 2021, og skuldast i betydeleg grad at det ikkje lenger er øymerka midlar til frukt og grønt, der det i 2021 berre var 43 prosent som gjekk til kommunar innan DPV-området.

Naturleg nok varierer delen til det distriktpolitiske verkeområdet fylka imellom avhengig av kor stor del av kommunane som inngår i verkeområdet. Generelt viser fordelinga at prosjekt innanfor det distriktpolitiske verkeområdet vert prioritert.

TILTAKSGRUPPER

Tiltaksgrupper i statistikksystemet til Innovasjon Noreg

IBU-midlane vert gruppert i følgjande tiltaksgrupper:

- Etablerartilskott (utviklingsfase og etableringsfase)
- Bedriftsutvikling
- Investeringar innan andre landbruksbaserte næringar
- Investeringar innan tradisjonelt jord- og hagebruk
- Tilskott til generasjonsskifte, andre landbruksbaserte næringar
- Tilskott til generasjonsskifte, tradisjonelt jord- og hagebruk

Tabell 14: Løyvingar til ulike tiltaksgrupper 2022. Tilskott i mill. kroner.

Tiltaksgruppe	2022		2021	
	Tilskott	Tilskott – kvinner	Tilskott	Tilskott - kvinner
Etablerartilskott	15,7	13,3 (85 %)	9,8	8,7 (89 %)
Bedriftsutvikling	12,8	9,9 (77 %)	9,0	5,7 (63 %)
Investeringar andre landbruksbaserte næringar	75,0	56,5 (75 %)	71,5	56,6 (79 %)
Tilskott til generasjonsskifte andre landbruksbaserte næringar	4,2	3,5 (83 %)	1,8	1,7 (94 %)
Investeringar tradisjonelt jord- og hagebruk	599,5	248,4 (41 %)	443,7	173,9 (39 %)
Tilskott til generasjonsskifte tradisjonelt landbruk	82,9	45,9 (55 %)	46,6	25,2 (54 %)
Tilskott til gjødsellager	24,6	3,7 (15 %)	5,1	1,2 (24 %)
Øyremerking frukt og grønt	2,7	0	120,0	36,7 (31 %)
Totalt, ekskl. tapsavsetjing risikolån	817,4	381,2 (47 %)	707,5	309,7 (44 %)

Delen til kvinnetiltak totalt har auka frå 44 prosent til 47 prosent frå 2021 til 2022. Kvinnedelen er gjennomgåande høgast for andre landbruksbaserte næringar med 77 prosent, ein reduksjon på 2 prosent frå 2021.

Innan tradisjonelt landbruk er det ein auke i kvinnedelen frå 39 prosent til 42 prosent, og skriv seg hovudsakleg frå auke for investeringstilskot og at øyremerka midlar til frukt og grønt med klart lågare kvinnedel er avvikla.

Kopling kapital, kompetanse og nettverk

I tillegg til kapital tilbyr Innovasjon Noreg også tenester innan kompetanse og nettverk. Innan landbruk er FRAM Agro og FRAM Mat-Reiseliv som har vorte tilbydd primærprodusentar og landbruks-tilknytt mat- og reiselivsverksemdar. FRAM er eit program innan strategi og leing som går over 12 – 18 månader med fysiske og digitale samlingar og individuelle rådgjeving. For FRAM Agro kan begge generasjonar kan delta dersom det er føreståande generasjonsskifte.

I 2022 er det etablert FRAM-program for mjølkeprodusentar som må legge om til lausdrift i Nordland og Troms og Finnmark, samt for marknadshagar/småskala grønt i Nordland.

Risikolån landbruk

Lånekapitalen for risikolån landbruk vert henta frå risikolåneordninga frå Nærings- og fiskeridepartementet, medan avsetjing til tapsfond skjer frå midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket. I 2021 kunne Innovasjon Noreg løyve inntil 100 mill. kroner med tapsavsetjing frå IBU-midlane.

Totalt er det i 2022 innvilga 16 risikolån med ei samla løyving på 17,7 mill. Av dei 12 låna til tradisjonelt landbruk er 8 lån og 10,8 mill. kroner til investeringsprosjekt innan mjølkeproduksjon.

Samla tapsavsetjing frå IBU-midlane er 2 660 700 kroner.

Tabell 15: Risikolån til landbruksformål 2022.

	Tal lån	Samla lån	Tradisjonelt landbruk		Andre landbruksbaserte næringer	
			Tal lån	Samla lån	Tal lån	Samla lån
2022	16	17,7 mill.	12	13,4 mill.	4	4,3 mill.
2021	25	25,7 mill.	20	19,5 mill.	5	6,2 mill.

Etter å ha vore stabilt over fleire år, er det i 2022 ein betydeleg relativ nedgang.

For 2022 er tapsavsetjinga 15 prosent av kalkulert risiko.

Rapportering av utbetaling og ansvar

Ein viser til rapporten for Landbrukets Utviklingsfond.